



Sør-Fron kommune

Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
17/12092 JODA

Deres ref.

Arkiv
V31

Dato
18.10.2017

Høring - Forbud mot nydyrking av myr Uttale frå Sør-Fron

Sør-Fron kommune har gjort vedtak i saka.
Vedtak: (7 - 0)

Sør-Fron kommune går i mot forslaget om forbud mot nydyrking av myr. Grunnene til å gå i mot forbudet er:

- Dyrking av myr vil regulere seg selv med hensyn til størrelsen på dagens landbruksmaskiner.
- Det blir feil at dyrking av myr for å øke matproduksjon skal brukes som klimaløsninger. Hva med flytrafikk, shipping osv.?

Saksutredningen følger vedlagt.

Vedtaket kan påklages etter forvaltningsloven, kap. VI. Klagefristen er 3 uker fra meldingen om vedtaket er mottatt.

Klagen må være skriftlig og begrunnet, og skal sendes til: Sør-Fron kommune, Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron eller postmottak@sor-fron.kommune.no.

Med hilsen

John-Ludvik Dalseg
landbrukssjef

Godkjent elektronisk og ekspedert uten underskrift, iht interne rutiner.

Adresse Sør-Fron kommune Kommunevegen 1 2647 Sør-Fron	Telefon 61 29 90 00 Telefax 61 29 90 01	E-post postmottak@sor-fron.kommune.no Web www.sor-fron.kommune.no	Bankkonto 2095.07.72973 Org. nr. 941 827 195	Saksbehandler John-Ludvik Dalseg, landbrukssjef Dir. telefon 61 29 92 49
---	--	---	---	---

Sør-Fron kommune

Politisk organ	Møtedato	Saksnr.
Formannskap	16.10.2017	129/17

Saksansvar:	Arkivkode:	JournalpostID:
Dalseg, John-Ludvik	V31	17/10667

Høring - Forbud mot nydyrking av myr

Vedlegg:
Høring - Endring i reglene om nydyrking - Forbud mot nydyrking i myr
Høringsnotat - forslag til endring av forskrift om nydyrking (nydyrkingsforskriften)

Bakgrunn:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut ei sak om forbud mot nydyrking av myr.

Høringsbrevet og høringsnotatet ligger ved i denne saka, og det gjer eit greit bilete av kva denne saka handlar om.

Landbrukssjefen vil her gje ein kort omtale av saka og dei sentrale momenta.

I utredninga som NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi, har ein definert myr som areal med myrvegetasjon og ein minst 30 cm tjukt torvlag med minimum 40 % organisk materiale.

Lovteknisk må ein endre §11 i jordlova, her vil ein gje heimel i jordlova til å vurdere klimahensy. Vidare vil ein endre nydyrkingsforskrifta og gje eit forbod mot dyrking av myr. Forslag til formuleringar er tatt inn i høringsnotatet.

Den faglege bakgrunnen er å ta hensyn til klima, og redusere utslipp av klimagassar til atmosfæren. Myr er ei opphoping av organisk materiale, i hovudsak plantemateriale, som ikkje er fullstendig brutt ned. Sluttproduktet ved fullstendig nedbryting av vann, H₂O, og karbondioksyd, CO₂. Ved ufullstendig nedbryting blir det opphoping av karbon, C. Myr representerer på denne måten eit lager for karbon, og ved dyrking av myr kjem det luft til det organiske materialet og nedbrytinga fortsetter i retning av fullstendig nedbryting, og CO₂ blir frigjort til atmosfæren. CO₂ er ein klimagass som hindrar utstråling av varme (energi) frå jorda og fører på den måten til auka oppvarming.

Vurdering:

Matproduksjon på land foregår på dyrka mark, for å sikre tilgangen på mat må ein oppretthalde areala som ein produserar mat på. I den praktiske kvardagen ser vi at det over tid blir bygd ned noko dyrka areal, for å oppretthalde arealgrunnlaget og produksjonspotensialet må ein dyrke nytt areal. Det har vore dyrka myr i Noreg i eit betydeleg omfang sidan 1940-talet. Drift av myr kan vere vanskeleg, jorda har lite tørrstoff og liten evne til å bere tunge maskinar og dyr. Særleg i situasjonar med mykje nedbør er det vanskeleg å drive myrjord på ein god måte.

Samtidig veit vi at mykje at dei areal som er aktuelle for nydyrking hos oss er myr eller har myrpreg. Produksjonen på myr er i hovudsak gras og det er viktig for vårt landbruk med drøvtyggere - ku, sau og geit. Eit absolutt forbud mot dyrking av myr vil kunne avgrense einskildbruk sin utviklingsmogelegheit. Nydyrking er uansett søknadspliktig, handsaming med eit vurderingsgrunnlag som er utvida med klima som vurderingskriterie, og med moglegheit for å dispensere i konkrete tilfeller, gjer mogelegheit for einskildbruk å styrke sitt arealgrunnlag.

Vi ser av høringsforslaget at det vil omfatte myr som er djupare enn 30 cm og det er lagt inn ei mogelegheit for å gje dispensasjon for å dyrke djupare myr i einskildsaker.

Landbrukssjefen vurdere dette forslaget med ein open dispensasjonsmoglegheit som akseptabelt, fordi ein på den måten kan imøtekomme søknader om nydyrking av myr i særlege tilfeller. Samtidig viser jordlova og nydyrkingsforskrifta at nydyrking av myr ikkje er riktig veg å gå for samfunnet vårt.

Forslag:

Administrasjonen ber om at forslaget nedanfor blir vedteke av formannskapet:

Hundorp, 25.09.2017

John-Ludvik Dalseg
landbrukssjef

Sør-Fron kommune støtter dei foreslåtte endringane av jordlova og nydyrkingsforskrifta, under forutsetning av at det blir ein dispensasjonsmoglegheit for å tillate nydyrking av myr etter konkrete vurderingar.

Formannskap 16.10.2017:

Politisk behandling:

Hans Ulberg (SP) Forslag: Sør-Fron kommune går i mot forslaget om forbud mot nydyrking av myr. Grunnene til å gå i mot forbudet er:

- Dyrking av myr vil regulere seg selv med hensyn til størrelsen på dagens landbruksmaskiner.
- Det blir feil at dyrking av myr for å øke matproduksjon skal brukes som klimaløsninger. Hva med flytrafikk, shipping osv.?

Votering: Forslaget fra Hans Ulberg. Enstemmig.

FSK- 129/17:

Vedtak: (7 - 0)

Sør-Fron kommune går i mot forslaget om forbud mot nydyrking av myr. Grunnene til å gå i mot forbudet er:

- Dyrking av myr vil regulere seg selv med hensyn til størrelsen på dagens landbruksmaskiner.
- Det blir feil at dyrking av myr for å øke matproduksjon skal brukes som klimaløsninger. Hva med flytrafikk, shipping osv.?